



Kommunikasjonsplan

Voss herad 2020

Innleiing

God og målretta informasjon til rett tid er viktig for å lukkast best mogleg med å slå saman Voss og Granvin til Voss herad. Dette er viktig både i prosjektet med å slå saman, og for å få Voss herad til å fungera best mogleg som ein samla og ny organisasjon. Kommunikasjonen vår skal vera open, aktiv og samkøyrd, og tilpassa målgruppene. Digitale kanalar er prioriterte. Denne planen inneholder ein tiltaksplan som blir oppdatert fortløpende utover i prosjektet.

Målsetjingar

Kommunikasjonsarbeidet har som mål å skapa interesse og entusiasme for prosjektet, skapa forståing for kvifor kommunane skal bli ein og byggja tillit, truverd og eit positivt bilet av Voss herad.

Fylgjande målsetjingar er sett opp for kommunikasjonsarbeidet:

- Skapa interesse og entusiasme for prosjektet med samanslåinga hjå både tilsette og innbyggjarar
- Gjera både tilsette og innbyggjarane i stand til å forstå når og korleis prosessar som er viktige for dei skjer, og korleis dei kan delta for å påverka
- Gjera alle tilsette i kommunane trygge på at det er ryddige og gode prosessar i forkant av endringar
- Skapa vilje til endring og forståing for kvifor endringar er nødvendige
- Gjera det tydeleg for både tilsette, innbyggjarar og politikarar at Voss og Granvin skal bli ein ny kommune, og korleis det vil styrka alle i Voss herad
- Byggja tillit, truverd og eit positivt bilet av Voss herad
- Skapa politisk forankring også utanom Fellesnemnda

Målgrupper

I og med at om lag ti prosent av innbyggjarane er tilsette i kommunen, vil fleire av målgruppene gli over i kvarandre. Det er likevel viktig å tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei enkelte målgruppe. Fylgjande målgrupper er identifiserte for Voss herad 2020 sin kommunikasjon:

- Tilsette
- Leiarar
- Tillitsvalde og verneteneste
- Innbyggjarar
- Folkevalde
- Næringsliv
- Andre offentlege aktørar
- Media

Kanalar

Når Voss herad 2020 skal informera eller vera i dialog med ei eller fleire av målgruppene vil dette skje i fleire kanalar, avhengig av målgruppe og bodskap. Fylgjande kanalar vil vera tilgjengelege for prosjektet:

- **nyevoss.no:** Hovudkanal i kommunikasjonen er nettsida nyevoss.no. Her skal både tilsette, politikarar, innbyggjarar og media finna relevant informasjon dei treng for å halda seg orientert om samanslåingsprosessen.
- **Sosiale media:** Voss herad 2020 skal vera aktivt til stades på sosiale media. Facebook er primærkanal for å gjera målgrupper merksame på kva som skjer i samanslåinga, og er også godt eigna for publikum å koma i dialog med Voss herad 2020.
- **Blogg:** Ein stad for jamlege oppdateringar av litt meir uformell art, mogelegheit for kommentarar frå lesarane
- **Informasjonsskriv:** For å nå dei som ikkje er digitale brukarar, vil ein senda ut enkelte nyheitsbrev til alle innbyggjarar i dei to kommunane mot slutten av prosjektet.
- **Folkemøte:** For å møta innbyggjarane direkte vil det bli eitt folkemøte på Voss hausten 2018 og eitt folkemøte i Granvin hausten 2019.
- **Felles intranett:** Informasjon til tilsette og tillitsvalde
- **Digitale informasjonsskriv til tilsette** Tillitsvalde produserer og sender informasjonsskriv til tilsette
- **Leiarsamlingar:** Informasjon til leiarar
- **E-post:** Ein kanal der det er lett å tilpassa bodskapen til målgruppa, og er ein hurtig kanal med stor treffsikkerheit.
- **Personalmøte:** Snakk om samanslåinga på avdelingsmøte og personalmøte, det er lett for tilsette å spørja, og ein kan bruka tid på relevante spørsmål for tilsette i den konkrete avdelinga
- **Media:** Media skal likebehandlast, uavhengig av lokasjon eller plattform. Kommunikasjonen til media skal vera open og proaktiv. I den grad media har ynskje, skal prosjektleiinga i så stor grad som mogleg leggja til rette for at media får gode arbeidstilhøve.

Gode råd på vegen

Informasjon som skal publiserast eksternt skal avklarast kommunikasjonsfagleg med prosjektleiing før publisering. Det skal gjerast ei vurdering av kva konsekvensar publiseringa vil få, og om dette kan bli spreidd via media.

Informasjon om arbeidet i dei enkelte delprosjekta er eit ansvar som ligg til leiarar av delprosjekt. Fortløpende informasjon frå delprosjekta skal ved behov utarbeidast av leiarane og publiserast gjennom dei kanalane som er relevante. Kommunikasjonsrådgjevar er tilgjengeleg ved behov for hjelp, både til publisering og ved spørsmål om kva informasjon som bør koma fram. Det vil bli utarbeidd ein mal for fortlopende informasjon frå delprosjekta, som kan nyttast og sendast til kommunikasjonsrådgjevar.

Hendingar i prosjektet som kan få merksemeld i media bør identifiserast tidleg, og kommunikasjonsplan skal utarbeidast. Ein slik plan skal vera kort, og innehalda vurdering av kva bodskap som skal ut, talsperson og støttefunksjon.



Voss herad 2020

Leiar og nestleiar i Fellesnemnda er primære talspersonar for prosessen og konsekvensar av samanslåinga. Prosjektleiar er talsperson for den administrative delen av Voss herad 2020.

Tilsette i kommunane kan uttala seg om faglege spørsmål knytt til eigen arbeidsplass. Meld frå til nærmeste leiar om mediekontakt.

Alle tilsette i Voss og Granvin har full ytringsfridom, heimla i Grunnlova.

Tiltaksplan

Kanal	Målgruppe	Bodskap/føremål	Frekvens	Ansvarleg
nyevoss.no	Alle	Aktuelle saker, møtereferat, oppdaterte styringsdokument, planar, mandat delprosjekt, planarbeid. Tilgjengeleg og offisiell informasjon om prosjektet	Kontinuerleg	Prosjektleiing/Kommunikasjonsrådgjevar/leiarar i delprosjekt
Facebook	Alle	Byggja positivt bilet av Voss herad, bilet og video frå hendingar og møte. Dialog med publikum gjennom kommentarar på innlegg. Skapa merksemrd om hendingar i samanslåinga.	Kontinuerleg	Prosjektleiing/Kommunikasjonsrådgjevar
Blogg	Alle	Drypp frå arbeidet med samanslåinga, det nye heradet, samfunnet kring oss. Som eit digitalt nyheitsbrev til den som ynskjer å lesa. Byggja tilhørsle og identitet	Månadleg	Prosjektleiing/Kommunikasjonsrådgjevar
Infoskriv/brosjyre	Innbyggjarar	Kort og generell informasjon om samanslåinga Motivera til å søkja meir informasjon digitalt Presentera kva som blir nytt i den	Haust 2017 Haust 2018 Haust 2019	Prosjektleiing/Kommunikasjonsrådgjevar



Voss herad 2020

		komande og nye kommunen		
Folkemøte	Innbyggjarar	Generell informasjon om status i samanslåinga, kvifor samanslåing og konsekvens. Dialog med innbyggjarar	Haust 2018 (Voss) Haust 2019 (Granvin)	Fellesnemnd
Digitale infoskriv	Tilsette	Aktuell informasjon frå delprosjekt, Fellesnemnd og partssamsett utval.	Kvartalsvis	Tillitsvalde
Intranett	Tilsette	Fortløpende informasjon om arbeidet i delprosjekt og i kommunane.	Kontinuerleg	Leiarar i delprosjekt/prosjektleiing
Leiarsamling	Leiarar	Informasjon både overordna og konkret om prosjektet. Organisering av Voss herad, konsekvensar og status.	Kvartalsvis	Prosjektleiar
E-post	Tilsette	Konkret informasjon til utval tilsette	Ved behov	Leiarar/leiarar delprosjekt/prosjektleiing
Personalmøte	Tilsette	Konkret og relevant informasjon om den enkelte arbeidsplass. Dialog med tilsette	Avhengig av rutinar på dei enkelte arbeidsplassar	Leiarar/prosjektleiar
Media	Alle	Samanslåinga vil ha offentleg interesse, og medieomtale vil vera naturleg. Media er ein medspelar, og prosjektet skal ha eit ope og aktivt forhold til media, og media skal likebehandlast uavhengig av nedslagsområde.	Kontinuerleg	Prosjektleiar
Dialogarena	Tillitsvalde og HVO	Møte med tillitsvalde og HVO som ein arena for dialog	Månadleg	Prosjektleiar